

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 10.06.2005
 Sakbehandlar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 30. APRIL 2005

Styresak 64/05

Styremøte 17. 06. 2005

Bakgrunn

Rapporten er utarbeidd med utgangspunkt i månadsrapporteringa frå helseføretaka pr. april. Det er ikkje tatt inn effektar av forslag til revidert nasjonalbudsjett 2005 då dette ikkje er vedtatt enno.

Helse Bergen har likevel føresett at manglande kodeforbetring vil bli kompensert i DRG prisen og har innarbeidd dette i sin inntektsprognose for året. Helse Førde står ved ein prognose på DRG poeng lik budsjett sjølv om denne ikkje lenger er realistisk. Dei har og føresett at kompensasjon for manglande kodeforbetring vil kompensere for ein nedgang i forventa DRG produksjon.

Kommentarar

1. RESULTAT FOR KONSERNET

Økonomirapportering pr. APRIL 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT APRIL						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivningar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-71,1	-42,0	-29,1	24,7	-46,4	-72,4	26,0
Helse Fonna HF	-34,1	-18,2	-16,0	24,7	-9,4	-20,1	10,7
Helse Bergen HF	-120,3	-113,9	-6,4	68,5	-51,8	-134,2	82,4
Helse Førde HF	-48,4	-24,1	-24,3	22,7	-25,8	-21,2	-4,6
Apoteka Vest HF	-2,3	-2,6	0,3		-2,3	0,8	-3,1
Kjøp av helsetenester	22,6	21,7	0,9		22,6	11,0	11,6
Helse Vest RHF	-12,6	-22,5	10,0		-12,6	-11,6	-1,0
Sum føretaksgruppa	-266,2	-201,6	-64,6	140,5	-125,7	-247,7	122,0

Resultatet for føretaksgruppa viser eit negativt budsjettavvik på kr 64,6 mill pr 30. april. Dette er ei forverring på kr 34,9 mill jamført mot resultatet i mars. Det største avviket finn vi i Helse Stavanger med eit negativt avvik på kr 29,1 mill kor kr 11,7 mill skriv seg frå april månad. Deretter følgjer Helse Førde med eit negativt avvik på kr 24,3 mill kor kr 16,9 mill skuldast aprilresultatet. Helse Fonna har eit negativt avvik på kr 16 mill som er ei forverring på kr 7,4 mill i april månad. Helse Bergen har eit negativt avvik på kr 6,4 mill som skuldast resultatet i april månad. Dei positive avvika finn vi i Helse Vest (administrasjon) med kr 10 mill i positivt avvik. I tillegg er det eit positivt avvik på kjøp av helsetenester samt Apoteka Vest.

Helse Vest har bedt styreleiarane i helseføretaka om å rapportere kva tiltak som er sett i verk for å nå resultatkravet for 2005 og kva som blir gjort av ekstratiltak dersom ein allereie no ser at ein ikkje vil nå desse måla. Med basis i dei tilbakerapporteringane som er gjort er det behov for å gå ytterlegare ein runde med helseføretaka. Helseføretaka vil derfor bli kalla inn til møte i juni for gjennomgang og konkretisering av tiltaka som er nødvendige for å nå det budsjetterte resultatet.

Helse Vest IKT er ikkje innarbeid i rapporteringsrutinane pr. april, men vil bli tatt med i komande rapportering. IKT eininga har eit budsjettert resultat for året som er på minus 2,7 mill. Ved utgangen av april er resultatet minus 1,9 mill som utgjør eit positivt avvik mot budsjett på kr 0,1 mill. IKT eininga har eit resultatkrav som er balanse for 2005 og dei arbeider no med å finne nødvendige tiltak for å nå dette kravet.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-75,2	-73,8	-194,3	-1,4	119,1
Helse Fonna HF	-72,1	-66,4	-98,8	-5,6	26,7
Helse Bergen HF	-315,0	-315,0	-495,3	0,0	180,3
Helse Førde HF	-92,3	-84,2	-109,8	-8,0	17,5
Apoteka Vest HF	-6,0	0	-2,3	-6,0	-3,7
Kjøp av helsetenester	160,1	160,1	58,0	0,0	102,1
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-465,5	-444,5	-884,7	-21,1	419,2
Meiravskrivingar	445,0	445,0	354		91,0
Resultat justert for meiravskr.	-20,5	0,5	-530,7	-21,1	510,2

Det vil bli gitt ei orientering om revidert nasjonalbudsjett i styremøte. Sak om revidert nasjonalbudsjett vil bli lagt fram i møte den 6/9-2005.

Prognosen på resultat for året viser eit negativt avvik mot budsjett på kr 21,1 mill. Dette er berre mindre justeringar i høve til prognosen som blei gitt i samband med mars rapporteringa. Helse Stavanger har justert sin resultatprognose ned med kr 1,4 mill som følgje av vaktordning ved Solabasen. Helse Vest har stilt krav om at dei må finne korrigerande tiltak for å sikre eit resultat i samsvar med budsjett og Helse Stavanger har akseptert dette. Helse Fonna og Helse Førde har lagt inn ein liten forbetring av resultatprognosen samanlikna mot mars rapporteringa.

Alle helseføretaka ligg etter produksjonsplan på DRG poeng pr. april. og det er derfor nødvendig å ha full fokus på utviklinga og vurdere implementering av korrigerande tiltak på kostnadssida for å sikre at budsjettert resultat vert nådd. Helse Bergen har justert ned prognosen på DRG poeng, men føreset samtidig at manglande kodeforbetring vil bli kompensert. Dei opprettheld derfor ei resultatprognose for året lik budsjett. Det er og føreset innsparringar på kr 37 mill på ulike tiltak som enno ikkje er identifisert, men som skal begynne å virka frå mai månad. Det ligg derfor ein usikkerheit i prognosen knytt til desse føresetnadane.

2 VERKSEMDENE

2.1 Helse Stavanger HF

Samandragsrapport pr.:

APRIL 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	87 759	9,1 %	90 372	9,2 %	81 557	9,3 %	233 556	233 556	0
ISF	332 910	34,5 %	349 171	35,7 %	210 044	23,8 %	997 470	997 470	0
Rammetilskot	513 505	53,3 %	509 914	52,2 %	560 659	63,6 %	1 556 978	1 556 978	0
Andre inntekter	30 045	3,1 %	27 884	2,9 %	28 918	3,3 %	81 260	82 260	-1 000
Sum driftsinntekter	964 219	100,0 %	977 341	100,0 %	881 178	100,0 %	2 869 264	2 870 264	-1 000
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	117 086	12,1 %	111 619	11,4 %	111 986	12,7 %	336 330	336 330	0
Løns- og personalkostnader	725 353	75,2 %	717 171	73,4 %	683 980	77,6 %	2 040 914	2 040 514	400
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	166 957	17,3 %	164 707	16,9 %	157 021	17,8 %	478 596	478 596	0
Sum driftsutgifter	1 009 396	104,7 %	993 497	101,7 %	952 987	108,1 %	2 855 840	2 855 440	400
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-45 177	-4,7 %	-16 156	-1,7 %	-71 809	0	13 424	14 824	-1 400
Netto finans	-1 234		-1 200		-560		-3 600	-3 600	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-46 411		-17 356		-72 369	0	9 824	11 224	-1 400
- Meiravskrivning	24 667		24 667		24 667		85 000	85 000	0
Resultat	-71 078	0	-42 023	0	-97 036	0	-75 176	-73 776	-1 400

Akkumulert pr. april har Helse Stavanger auka sit negative resultatavvik til kr 29,1 mill jamført mot budsjett. Dette er ei forverring av budsjettavviket på kr 11,7 mill frå mars månad.

Inntektssida viser eit negativt avvik på kr. 13,1 mill som tilsvare -1,3 % i avvik mot budsjett. Det er hovudsakeleg ISF inntektene som står for avviket og utgjør pr. april kr 16,3 mill. Ei av årsakene til det negative avviket skuldast at ny aktivitet i Eigersund ikkje er komen i gang så tidleg som planlagt. Dette er forventa å retta seg opp frå sommaren. Elles har pasientar ved fleire avdelingar (m.a. kirurgisk ortopedisk klinikk og barneavdelinga) ei lettare koding i år enn tilsvarende periode i fjor. Dette kan skuldast at pasientane er mindre ressurskrevjande og/eller at kodepraksis har endra seg. Av det negative avviket på kr 16,3 mill skuldast om lag kr 2 mill at det har vore 4,5 % færre innlagde pasientar enn planlagt. Den polikliniske aktiviteten har vore høgare enn planlagt i april månad men viser akkumulert eit negativt avvik på inntektene med kr 2,6 mill. Innan psykiatrien ligg aktiviteten over plan medan inntektene ligg under budsjett hittil i år. Dette skuldast endringar knytt til polikliniske konsultasjonar frå nyåret då opningstidstakstane gjekk ned samstundes som fleire typar konsultasjonar enn før gir refusjon. Helse Stavanger har enno ikkje eit heilt klart bilde av dei økonomiske konsekvensane, men så langt har ikkje auken i aktivitetsavhengige inntekter vore stor nok til å kompensere for reduksjonen i opningstidstakstane.

Dei samla driftskostnadene viser eit negativt avvik på kr 15,9 mill som tilvarar 1,6 % samanlikna mot budsjett. Det største avviket finner vi på løns- og personalkostnad med eit avvik på kr 8,2 mill. Det er særleg overtid og ekstrahjelp som har eit negativt avvik.

Helse Stavanger har justert sin prognose på resultat for året ned med kr 1,4 mill som følgje av kostnader knytt til beredskapsvakt ved redningshelikopterbasen på Sola. Helse Vest har bedt om at dei finn korrigierende tiltak slik at ein styrer mot eit resultat i tråd med budsjettet. Helse Stavanger vil innarbeide desse tiltaka i komande rapportering.

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. april		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	87 759	81 557	7,6 %
ISF	332 910	210 044	58,5 %
Rammetilskot	513 505	560 659	-8,4 %
Andre inntekter	30 045	28 918	3,9 %
Sum driftsinntekter	964 219	881 178	9,4 %
Varekostnader	117 086	111 986	4,6 %
Løns- og personalkostnader	725 353	683 980	6,0 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	166 957	157 021	6,3 %
Sum driftsutgifter	1 009 396	952 987	5,9 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-45 177	-71 809	-37,1 %
Netto finans	-1 234	-560	120,4 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-46 411	-72 369	-35,9 %
- korreksjon avskrivningar	24 667	24 667	
Resultat	-71 078	-97 036	-26,8 %

Helse Stavanger har ei resultatforbetring på kr 26 mill samanlikna mot tilsvarande periode i fjor. Inntektsauken er på 9,4 % medan kostnadane har auka med 5,9 %. Inntektsauken heng delvis saman med fordelingseffekten i inntektsmodellen for 2005 samt ein omlegging i finansieringa av sjuketransport. Inntektsauken knytt til sjuketransport har ein tilvarande auke i kostnadene. Deler av inntektsauken henger og saman med at løyvingar i revidert nasjonalbudsjett i fjor først blei inntektsført i slutten av året, men no ligg dei inne som ein del av inntektsbildet frå og med januar.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusophold	14 475	15 162	-687	43 315	43 315	0
Dagkirurgi/dagbeh.	8 929	10 286	-1 357	28 906	28 906	0
DRG-poeng	18 296	19 190	-894	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjoner	64 627	63 007	1 620	184 772	180 000	4 772
Psykatri						
Antall oppholdsdøgn/døgnbeh.	32 688	35 530	-2 842	106 590	106 590	0
Oppholdsdager, dagpasienter	5 976	6 800	-824	20 400	20 400	0
Pol. konsultasjoner	24 071	19 848	4 223	59 545	59 545	0

Aktiviteten målt i DRG poeng viser eit negativt avvik mot plan på 4,7 % medan aktivitetsutviklinga målt mot tilsvarande periode i fjor viser ein vekst på 2,8 %. Vi viser her til kommentarane ovanfor vedrørende inntektsida. Innan psykiatri ligg opphaldsdøgn 8 % lågare enn plan medan polikliniske konsultasjonar ligg heile 21 % over plan. Ein ligg an til å greie å overføre fleire pasientbehandingar frå sengepost til poliklinikk enn føresett i budsjett. Ein har førebels ikkje eit heilt klart bilde av dei økonomiske effektane av takstomlegginga innan poliklinikken og det er derfor uvisst om auken i polikliniske konsultasjonar vil ha nokon effekt på inntektene.

2.2 Helse Fonna HF

Samandragrapport pr.:

APRIL 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	37 974	7,0 %	39 677	7,2 %	37 116	7,2 %	112 133	112 133	0
ISF	177 022	32,6 %	183 558	33,3 %	111 049	21,4 %	517 379	523 598	-6 219
Rammetilskot	311 727	57,4 %	311 931	56,6 %	353 105	68,1 %	935 504	935 504	0
Andre inntekter	16 798	3,1 %	15 901	2,9 %	17 314	3,3 %	50 000	49 400	600
Sum driftsinntekter	543 521	100,0 %	551 067	100,0 %	518 584	100,0 %	1 615 016	1 620 635	-5 619
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	55 799	10,3 %	53 725	9,7 %	53 807	10,4 %	157 594	157 594	0
Løns- og personalkostnader	402 285	74,0 %	396 383	71,9 %	393 017	75,8 %	1 153 429	1 153 429	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	94 605	17,4 %	94 242	17,1 %	92 469	17,8 %	301 058	301 058	0
Sum driftsutgifter	552 689	101,7 %	544 350	98,8 %	539 293	104,0 %	1 612 081	1 612 081	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-9 168	-1,7 %	6 717	1,2 %	-20 709	-4,0 %	2 935	8 554	-5 619
Netto finans	-276		-200		597		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-9 444		6 517		-20 112	0	1 935	7 554	-5 619
- Meiravskrivning	24 667		24 667		24 667		74 000	74 000	0
Resultat	-34 111	0	-18 150	0	-44 779	0	-72 065	-66 446	-5 619

Helse Fonna har eit resultat pr. april som er kr 16 mill dårlegare enn budsjett. Dette er ei forverring på kr 7,4 mill samanlikna mot resultatet pr. mars. Resultatavviket er samansatt av både svikt i inntekter og auka kostnader jamført mot budsjett.

Inntektene viser eit negativt avvik mot budsjett på kr 7,5 mill som utgjer -1,4 %. Dette er likevel ein betring samanlikna mot mars på kr 1 mill. ISF inntektene har eit avvik på kr 6,5 mill kor avviket i april utgjer kr 0,2 mill. Det er ulikt resultat på dei ulike klinikkane. Medisinsk klinikk står for det positive avviket mens kirurgisk og KK-barn klinikk ikkje har oppnådd budsjetterte inntekter. Begge klinikkane arbeider med tiltak for å auke volumet på pasientbehandling. Det gjenstår framleis eit arbeid med å nå resultat ved sjukehusa på Stord, Odda og Sauda. Klinikk KK-barn ventar å oppnå høgare inntekter frå mai månad med dei tiltak som er sett i verk.

Kostnadsavviket er på kr 8,3 mill og skriv seg frå april månad aleine. Kostnadsauken har kome på alle kostnadsartar, men det er lønskostnadene som viser det største avviket. Avviket ligg på både variabel og fast løn. Dette er svært uheldig, og Helse Fonna vil no sette i verk ekstra tiltak for å styre inn dette avviket. Det ligg og eit negativt avvik på varekostnadane med kr 2,1 mill. Desse er under kontinuerleg analyse. I budsjettet ligg det inne ei føresetnad om at fleire avtaler skulle forhandlast på ny og gi effekt på resultatet. Dette har så langt ikkje gitt resultat og det vil bli vurdert moglege konsekvensar og tiltak.

Leiinga har satt ein frist på 20/5 for alle klinikkane til å sette i verk ytterlegare tiltak for å oppnå budsjettkravet. Prognosen for året viser eit negativt avvik på kr 5,6 mill og skriver seg til lågare ISF inntekt. Det blir arbeidd aktivt med produksjonsplanar for om mogleg å kunne auke desse. Leiinga meiner at prognosen er konservativt vurdert og såleis har eit potensiale til å bli betre.

REKNESKAPSDATA	Akkumulerte tal pr. april		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	37 974	37 116	2,3 %
ISF	177 022	111 049	59,4 %
Rammetilskot	311 727	353 105	-11,7 %
Andre inntekter	16 798	17 314	-3,0 %
Sum driftsinntekter	543 521	518 584	4,8 %
Varekostnader	55 799	53 807	3,7 %
Løns- og personalkostnader	402 285	393 017	2,4 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	94 605	92 469	2,3 %
Sum driftsutgifter	552 689	539 293	2,5 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-9 168	-20 709	-55,7 %
Netto finans	-276	597	-146,2 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-9 444	-20 112	-53,0 %
- korreksjon avskrivningar	24 667	24 667	
Resultat	-34 111	-44 779	-23,8 %

Helse Fonna viser ei forbetring av resultatet samanlikna mot i fjor på kr 10,7 mill. Resultatforbetringa skuldast auka inntekter på 4,8 % medan kostnadane har auka med 2,5 %. Veksten i inntektene heng saman med omlegginga av sjuketransport. Denne har ein tilsvarande effekt på auka kostnader.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	8 529	8 810	-281	25 200	25 404	-204
Dagkirurgi/dagbeh.	4 465	4 465	0	12 534	12 534	0
DRG-poeng	9 725	10 088	-363	28 427	28 777	-350
Pol. konsultasjonar	30 680	31 749	-1 069	91 450	91 450	0
Psykatri						
Antall oppholdsdøgn	23 379	26 948	-3 569	71 313	78 568	-7 255
Oppholdsdager, dagpasienter	2 183	2 606	-423	7 000	7 700	-700
Pol. konsultasjonar	12 953	11 943	1 010	34 700	34 700	0

Helse Fonna har eit avvik i DRG produksjonen på -3,6 % og på sjukehusopphald utgjer avviket – 3,2 %. Avviket er likevel redusert jamført mot tidlegare månader og DRG produksjonen ligg no 2,8 % over i fjor medan sjukehusopphald ligg 1,6 % over i fjor. Innan psykiatri heng svikten i produksjonen saman med mangel på behandlarar.

2.3 Helse Bergen HF

Samandragrapport pr.:

APRIL 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	144 956	8,8 %	145 280	8,7 %	139 745	9,0 %	424 041	424 041	0
ISF	515 573	31,2 %	531 321	32,0 %	314 272	20,3 %	1 534 503	1 534 503	0
Rammetilskot	924 261	55,9 %	922 522	55,5 %	1 015 081	65,7 %	2 743 163	2 743 163	0
Andre inntekter	68 143	4,1 %	63 661	3,8 %	75 914	4,9 %	197 853	197 853	0
Sum driftsinntekter	1 652 933	100,0 %	1 662 784	100,0 %	1 545 012	100 %	4 899 560	4 899 560	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	267 895	16,2 %	263 728	15,9 %	247 770	16,0 %	669 970	669 970	0
Løns- og personalkostnader	1 176 980	71,2 %	1 185 687	71,3 %	1 158 112	75,0 %	3 589 550	3 589 550	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	256 122	15,5 %	255 769	15,4 %	273 430	17,7 %	727 041	727 041	0
Sum driftsutgifter	1 700 997	102,9 %	1 705 184	102,5 %	1 679 312	108,7 %	4 986 561	4 986 561	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-48 064	-2,9 %	-42 400	-2,5 %	-134 300	-8,7 %	-87 001	-87 001	0
Netto finans	-3 728		-3 001		367		-9 002	-9 002	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-51 792		-45 401		-133 933	0	-96 003	-96 003	0
- Meiravskrivning	68 466		68 466		68 466		219 000	219 000	0
Resultat	-120 258	0	-113 867	0	-202 399	0	-315 003	-315 003	0

Pr. april har Helse Bergen eit resultat som er 6,4 mill dårlegare enn budsjett. På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 9,9 mill kor kr 15,7 mill skuldast redusert ISF inntekt. I avviket på ISF inntekt er det kr 9,5 mill som kan tilskrivast manglande kodeforbetring. Det er etter rekneskapsavslutninga for april oppdaga manglande koding for 1. tertial på 120 DRG poeng samt manglande inntektsføring av gjestepasientar innan psykiatrisk sektor. Desse postane utgjer kr 2,4 mill i manglande inntektsføring som vil kome inn i mai rekneskapet. Det er positive avvik på basisramma og andre inntekter med h.h.v. kr 1,7 mill og kr 4,5 mill.

På kostnadssida er det eit positivt avvik på kr 4,2 mill. Det er eit negativt avvik på varekostnadene som består av eit positivt avvik knytt til sjuketransport men eit meirforbruk på varekost medikament. Avviket på medikamentkostnadene skuldast dels ulik periodisering i rekneskap og budsjett, men og eit reelt meirforbruk. Ein vil analysere budsjettavvika på denne posten nærare for å få eit bilde av konsekvensane for året og behov for eventuelle tiltak.

Helse Bergen har ei prognose på resultat som er i samsvar med budsjett. I denne prognosen er det føresett at manglande kodeforbetring blir kompensert med høgare ISF pris. Prognosen føresett og innsparingar på kr 37 mill på ulike tiltak. Innsparinga ligg med verknad frå mai, og gjeld tiltak i samband med effektivisering av ulike administrative prosessar i tillegg til bemanningsplanlegging og effektivisering av sjuketransport. Ansvar for gjennomføring av tiltaka er lagt ut på dei enkelte avdelingar og det er førebels noko usikkert kor mykje ein kan hente ut av desse innsparingane allereie i 2005. Helse Bergen styrer i utgangspunktet etter et resultat for året som er lik budsjett.

REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. april		%vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	144 956	139 745	3,7 %
ISF	515 573	314 272	64,1 %
Rammetilskot	924 261	1 015 081	-8,9 %
Andre inntekter	68 143	75 914	-10,2 %
Sum driftsinntekter	1 652 933	1 545 012	7,0 %
Varekostnader	267 895	247 770	8,1 %
Løns- og personalkostnader	1 176 980	1 158 112	1,6 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	256 122	273 430	-6,3 %
Sum driftsutgifter	1 700 997	1 679 312	1,3 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-48 064	-134 300	-64,2 %
Netto finans	-3 728	367	
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-51 792	-133 933	-61,3 %
- korreksjon avskrivningar	68 466	68 466	
Resultat	-120 258	-202 399	-40,6 %

Resultatutviklinga samanlikna mot i fjor viser pr. april eit positivt avvik på 82 mill. Den positive utviklinga heng saman med ein vekst i inntektene på 7 % medan kostnadene har auka med berre 1,3 %. Den høge inntektsveksten heng delvis saman med auka midlar til sjuketransport, utanlandsbehandling, opptrapping psykiatri og auka tilskot til forskning. Deler av inntektsauken heng og saman med at løyvingar i revidert nasjonalbudsjett i fjor først blei inntektsført i slutten av året, men no ligg dei inne som ein del av inntektsbildet frå og med januar.

Auken i varekostnad skuldast i hovudsak økte kostnader til driftsavtaler sjuketransport, ambulanse og utanlandsbehandlingar, jf. kommentaren på inntektsauken. Nedgangen i driftskostnader skuldast forskuing av innkjøpstidspunkt for medisinteknisk-/IKT utstyr og dette vil utjamna seg ut over året. I tillegg ligg det inne vel kr 12 mill i lågare forbruk av konsulenttenester samt ei opprydding av kontoen for konsulenttenester slik at deler av kostnadane som tidlegare blei ført her er no flytta til kjøp av helsetenester (varekostnad).

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusophold	36 117	36 178	-61	102 115	101 941	174
Dagkirurgi/dagbeh.	13 133	12 744	389	38 445	37 297	1 148
DRG-poeng	27 814	28 742	-928	82 562	84 122	-1 560
Pol. konsultasjoner	99 490	94 597	4 893	298 470	270 380	28 090
Psykiatri						
Antall oppholdsdøgn	43 812	39 939	3 873	125 912	121 959	3 953
Oppholdsdager, dagpasienter	4 300	4 434	-134	12 340	12 401	-61
Pol. konsultasjoner	24 851	28 541	-3 690	79 270	83 203	-3 933

Helse Bergen hadde ved utgangen av april eit negativt avvik i DRG poeng på 3,2 %. I avviket på 928 DRG poeng utgjør 522 DRG poeng manglande kodeforbetring. Korrigert for manglande kodeforbetring utgjør avviket 406 DRG poeng. Avviket skuldast lågare DRG indeks og lågare døgnaktivitet. Noko av avviket skuldast og at ein stor del av opphalda er i DRG 470, og at anslaget for desse er noko lavt. Lågare indeks for døgnaktiviteten kan og skuldast vriding frå relativt tunge døgnbehandlingar til dagbehandlingar, samt færre komplikasjonar. Aktiviteten målt i sjukehusopphald er høgare enn i fjor, men veksten er innan dagopphald som har lav vekt.

Tal utskrivingar i vaksen psykiatri ligg ved utgangen av april 1,3 % høgare enn planlagt. For barne- og ungdomspsykiatrien ligg tal utskrivingar 13,2 % lågare enn planlagt. Det er ein vekst i liggedøgn (11,3 %) innan vaksen psykiatrien medan liggedøgn for barn og ungdom ligg 8,7 % under budsjett. Dette skuldast at ein av postane har hatt så resurskrevjande pasientar at den berre har hatt 4 av dei seks plassane i bruk og at familieposten har hatt redusert belegg. Dagopphald for vaksne ligg 5,6 % over budsjett. Innan barne- og ungdomspsykiatri er det lågare opphaldsdager som følgje av sjukdom hos fleire av pasientane samt vakansar i personalet. Talet på polikliniske konsultasjonar innan psykiatri ligg 12,9 % lågare enn planlagt. Sjølv om noko av avviket skuldast vakansar, er hovudforklaringa at ein så langt ikkje har fått til ein så sterk produktivitetsvekst som det vart lagt opp til i budsjett.

2.4 Helse Førde HF

Samandragrapport pr.:

APRIL 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	31 061	6,9 %	30 531	6,6 %	32 543	7,5 %	90 796	90 627	169
ISF	135 639	30,1 %	143 316	31,2 %	85 573	19,8 %	419 091	419 091	0
Rammetilskot	267 484	59,4 %	267 143	58,2 %	299 046	69,0 %	802 230	802 230	0
Andre inntekter	16 475	3,7 %	18 360	4,0 %	16 049	3,7 %	56 767	54 907	1 860
Sum driftsinntekter	450 659	100,0 %	459 350	100,0 %	433 211	100,0 %	1 368 884	1 366 856	2 028
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	67 627	15,0 %	67 906	14,8 %	84 008	19,4 %	183 082	183 081	1
Løns- og personalkostnader	320 281	71,1 %	305 622	66,5 %	302 117	69,7 %	934 096	929 912	4 184
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	87 969	19,5 %	86 435	18,8 %	67 494	15,6 %	273 891	267 600	6 291
Sum driftsutgifter	475 877	105,6 %	459 963	100,1 %	453 620	104,7 %	1 391 068	1 380 593	10 475
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-25 218	-5,6 %	-613	-0,1 %	-20 409	-4,7 %	-22 184	-13 738	-8 446
Netto finans	-547		-833		-801		-2 100	-2 500	400
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-25 764		-1 446		-21 210	0	-24 284	-16 238	-8 046
- Meiravskrivning	22 667		22 667		22 667		68 000	68 000	0
Resultat	-48 431	0	-24 112	0	-43 877	0	-92 284	-84 238	-8 046

Helse Førde har ved utgangen av april eit negativt resultatavvik på kr 24,3 mill. Avviket skuldast lågare inntekter med kr 8,7 mill og høgare kostnader med kr 15,9 mill. Den vesentligaste årsak til inntektsavviket skuldast ISF inntekta som er 7,7 lågare enn budsjett. Avviket skuldast lågare produksjon innan medisinsk og kirurgisk klinikk, og då særskilt innan ortopedi.

Avviket på driftskostnader er hovudsakleg knytt til meirforbruk på løn med kr 14,6 mill etter første tertial. Hovudårsaka er at nokre av tiltaka er satt i verk på eit seinare tidspunkt enn føresett, og at nokre av tiltaka ikkje let seg realisere i 2005. Forsinkinga skuldast at planlagde bygningsmessige tilpassingar som er nødvendige for å oppnå innsparingar tek lenger tid enn føresett i budsjettet. Det ligg og eit meirforbruk på gjestepasientoppdrag psykisk helsevern samt mindre innsparing på kostnader til sjuketransport enn føresett i budsjett.

Prognosen på resultat for året viser nå eit negativt avvik på kr 8 mill. I resultatprognosen er det ikkje lagt inn nokon verknad av tiltak som organisasjonen har meldt inn i samband med avviksrapporteringa pr. 1. tertial. Desse vil bli nærare vurdert i samband med komande rapportering.

Helse Førde opprettheld ei prognose på ISF inntekter lik budsjett. Føresetnaden om kodeforbetring på 2 % blir vurdert som ikkje realistisk då kodekvaliteten allereie ligg på eit høgt nivå. Førebels opererer ein med DRG poeng lik budsjett. Resultateffekten av ei nedjustert prognose for DRG poeng som følgje av manglande kodeforbetring har Helse Førde føresett blir kompensert gjennom høgare priser. Helse Førde har i sin inntektsprognose føresett kr 5,5 mill i høgare inntekter knytt til gjestepasientar psykisk helsevern. Samstundes er andre driftsinntekter redusert med kr 3,6 mill kor deler av dette skuldast mindre sal av blodprodukt og refusjon i forbindelse med samarbeid om legevakt i Nordfjord enn det som var føresett i budsjett.

Prognosen på kostnader viser eit meirforbruk på gjestepasientar psykisk helsevern på kr 4,7 mill, mindre innsparing på kostnader til sjuketransport på kr 5,2 mill samt et meirforbruk på lønskostnader med kr 4,2 mill. Årsaka til dette er forsinkingar av iversette tiltak samt tiltak som ikkje lar seg gjennomføre i 2005. Avskrivningar forventes å bli kr 4,6 mill lågare enn budsjett og har sin årsak i endeleg avrekning i samband med fastsetting av avskrivningar for IKT-verksemda.

%-vis endring frå 2004 til 2005

APR 2005

REGNSKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. april		%vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	31 061	32 543	-4,6 %
ISF	135 639	85 573	58,5 %
Rammetilskot	267 484	299 046	-10,6 %
Andre inntekter	16 475	16 049	2,7 %
Sum driftsinntekter	450 659	433 211	4,0 %
Varekostnader	67 627	84 008	-19,5 %
Løns- og personalkostnader	320 281	302 117	6,0 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	87 969	67 494	30,3 %
Sum driftsutgifter	475 877	453 620	4,9 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-25 218	-20 409	23,6 %
Netto finans	-547	-801	-31,8 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-25 764	-21 210	21,5 %
- korreksjon avskrivningar	22 667	22 667	
Resultat	-48 431	-43 877	10,4 %

Resultatet pr. april viser ein svikt på kr 4,6 mill jamført mot i fjor. Inntektene er 4 % høgare enn i fjor medan kostnadane er 4,9 % høgare enn i fjor. På inntektssida er auken i finansiering av sjuketransport (frå 50 til 75 %) noko av årsaka til inntektsveksten. Det ligg og inne ei tilsvarande kostnadsauke på denne posten. Når det gjeld endringa mellom varekostnader og andre driftskostnader skuldast dette endringa i konteringspraksis av sjuketransport der kostnaden no blir ført som andre driftskostnader medan dei i fjor låg som varekostnad. Auken i lønskostnader er samansett av fleire forhold. Frå og med april har Helse Førde overtatt ansvaret for drift av ambulansetenesta som totalt utgjer 125 månadsverk. Dette utgjer om lag kr 6 mill pr april. I tillegg ligg det inne auka lønskostnader knytt til oppstart av ny ungdomspsykiatrisk avdeling i august i fjor. Kostnadsveksten utgjer pr. april 5,3 mill.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	6 812	7 035	-223	20 409	20 409	0
Dagkirurgi/dagbeh.	2 593	2 170	423	7 028	7 028	0
DRG-poeng	7 395	7 693	-298	22 500	22 500	0
Pol. konsultasjoner	34 304	34 937	-633	94 829	94 829	0
Psykatri						
Antall oppholdsdøgn	11 561	10 013	1 548	29 640	29 640	0
Oppholdsdager, dagpasienter	246	400	-154	1 080	1 080	0
Pol. konsultasjoner	10 834	8 800	2 034	24 400	24 400	0

Helse Førde har ved utgangen av april ei svikt i DRG produksjonen på 3,9 % men er om lag på same nivå som i fjor (0,2 %). Talet på sjukehusopphald viser ein svikt på 3,2 % medan dagkirurgi/dagopphald har ein vekst på 19,5 % samanlikna mot budsjett. Psykisk helsevern har god produksjon og ligg godt føre måltala.

2.5 Apoteka Vest HF

Samandragrapport pr.: APRIL 2005

REGNSKAPSDATA	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	150 199	100 %	143 821	100 %	139 210		445 677	437 677	8 000
Varekostnader	120 802	80,4 %	113 251	78,7 %	109 888	78,9 %	358 646	344 646	14 000
Løns- og personalkostnader	25 031	16,7 %	26 338	18,3 %	23 066	16,6 %	72 438	72 438	0
Andre driftskostnader	6 886	4,6 %	6 953	4,8 %	5 631	4,0 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	152 719	101,7 %	146 542	101,9 %	138 585	99,6 %	451 927	437 927	14 000
Driftsresultat	-2 520		-2 721		625		-6 250	-250	-6 000
Netto finans	189		83		135		250	250	0
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat	-2 331		-2 638		760		-6 000	0	-6 000

Apoteka Vest har pr. april eit positivt resultatavvik på kr 0,3 mill. Inntektene er kr 6,4 mill høgare enn budsjett (4,4 %) medan driftskostnadane er kr 6,2 mill høgare enn budsjett (4,2 %) kor varekostnaden er hovudårsaka til avviket. Varekostnaden er relativt høgare enn inntektsauken og skuldast den nye prisingsmodellen. Netto finans viser eit positivt avvik på kr 0,1 mill. Det positive avviket pr. april skuldast lågare løns- og personalkostnad enn budsjettet. Prognosen for året er basert på ein ekstrapolering av utviklinga i varekostnaden pr. april. Avtalen med helseføretaka opnar for reforhandling etter 1. tertial. Det har vore eit møte men det er førebels uklart om ein gjennom desse forhandlingane vil kunne gjere endringar som reduserer avviket.

2.6 Kjøp av helsetenester

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	183 233	4,5 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	1 353 495	33,4 %	1 291 308	33,7 %	3 875 474	3 875 474	0
Rammetilskot	2 516 685	62,1 %	2 535 735	66,2 %	7 610 248	7 610 248	0
Andre inntekter	0	0,0 %	1 204	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	4 053 413	100,0 %	3 828 247	100,0 %	11 489 335	11 489 335	0
Varekostnader	3 958 716	97,7 %	3 723 523	97,3 %	11 175 038	11 175 038	0
Løns- og personalkostnader	221	0,0 %	93	0,0 %	278	278	0
Andre driftskostnader	71 906	1,8 %	82 934	2,2 %	153 903	153 903	0
Sum driftsutgifter	4 030 843	99,4 %	3 806 550	99,4 %	11 329 219	11 329 219	0
Driftsresultat	22 570		21 697		160 116	160 116	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	22 570		21 697		160 116	160 116	0

Resultat innan kjøp av helsetenester er tilnærma i balanse med budsjett. I det vedtekne budsjett ligg det inne ein reserve for å fange opp usikkerheit i det samla budsjettopplegget. I omlegging ISF frå 40 til 60 % har det oppstått ein differanse i budsjettføresegnaden tilsvarande kr 104 mill. Basisramma frå staten er derfor kr 104 mill lågare enn det som ligg til grunn i budsjettet til kjøp av helsetenester. I tillegg er no avtaleforhandling med dei private ideelle avslutta. Dette inneberer ein høgare kostnad til blant anna å handtere kapital hos dei private ideelle samt at det har vore nødvendig å gjere justeringar i basisfinansieringa. Som følgje av desse forholda er avsetning til reserven redusert frå kr 146 mill til kr 23 mill basert på heilårseffekt. Avsetning til reserven utgjer pr. april kr. 7,6 mill.

2.7 Helse Vest administrasjon


Samandragrapport pr.: APRIL 2005
REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	0	0	0	0	0	0
Varekostnader	135	0	135	0	0	0
Løns- og personalkostnader	6 981	9 407	-2 426	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	6 653	13 131	-6 478	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	13 769	22 538	-8 769	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-13 769	-22 538	8 769	-65 116	-65 116	0
Netto finans	1 209	0	1 209	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-12 560	-22 538	9 978	-65 116	-65 116	0

Helse Vest administrasjon har eit positivt avvik på kr 10 mill etter april. Avviket på lønskostnader skuldast at kostnader til nasjonalt leiarprogram er budsjettert men ikkje påløpt enno. I tillegg er det ein vakant stilling pr. april. Avviket på andre driftskostnader skuldast at kjøp av konsulenttenester er periodisert likt gjennom året medan kostnadsbelastninga på prosjekta som skal gjennomførast i 2005 ikkje har kome fullt i gang ennå.

3 LIKVIDITET

Grafen under viser konsolidering av budsjettert overtrekk på konsernkonto samla for føretaksgruppa. I tillegg er det faktiske overtrekket i perioden januar til mai vist. Som følgje av resultatutviklinga samt føresetnad om at ein også i år vil måtte betala reguleringspremie til KLP på vel kr 400 mill, vil ein måtta nytta tilnærma heile driftskredittramma ved utgangen av året.




Helse Vest vil følgje opp utviklinga i kredittbehovet fortløpande og melde frå til Helse- og omsorgsdepartementet så snart ein treng ei utviding av trekkramma på konsernkonto.

4 UTVIKLING I MÅNADSVERK OG SJUKEFRÅVÆR

4.1 Sjukefråvær


Grafen under viser utviklinga i sjukefråværet




Det vart heile fjoråret arbeidd målretta med å redusere sjukefråværet. Utviklinga frå januar 2004 fram til april 2005 viser at dette arbeidet har gitt resultat. Dersom vi samanliknar april 2004 med april 2005 ser vi at alle helseføretaka med uttak av Helse Førde har hatt ein nedgang i sjukefråværet. Helse Førde sitt sjukefråvær svingar gjennom perioden, men om ein eliminerar topp og botn av kurva viser også dei ein positiv utvikling. For at sjukefråværet framleis skal ha denne positiv utviklinga vil det være nødvendig med systematisk jobbing og i 2005.

Som ein ser av sjukefråværstala til Helse Førde varierer desse relativt mykje samanlikna med dei andre HF'a. Forklaringa frå Helse Førde er det kan vere uheldige utslag frå ein måned til ein annan pga. at fråværet blir registrert når sjukemeldingsblanketten når personalkontoret og at ein ikkje har ein definert dato for når ein måned skal vere ferdigregistrert. For å få eit klart bilde av sjukefråværet vil det vere meir korrekt å sjå på gjennomsnittet av dei 4 første månadene som utgjer 5,2 %.

4.2 Månadsverk



Utviklinga i Helse Bergen hittil i 2005 viser eit relativt stabilt tal på månadsverk men med ein liten vekst i april. Den samla reduksjon i månadsverk samanlikna med januar 2004 ligg på 156 månadsverk. Helse Stavanger har ein unaturleg vekst i månadsverk i april månad. Helse Stavanger har ikkje klart å gje noko klart svar på dette talet men har tidlegare forklart svingingar i tala med etterslep i innlevering av timelister og at talet på timar difor blir ujamt fordelt på dei enkelte månadene. Dei understrekar at talet pr. mai er nede på eit normalt nivå igjen.



Helse Fonna har i april 26 færre månadsverk enn april i fjor. Ser ein utviklinga opp mot januar 2004 er det ein reduksjon på 99 månadsverk. Helse Førde har ein kraftig auke i månadsverk i april som skyldes at dei har overtatt ansvaret for drift av ambulansetenesta. Dette utgjør ein vekst i månadsverk på 125 frå og med april 2005. Ser ein vekk frå dette er månadsverk om lag som i mars.

Det er framleis usikkerheit knytt til personaldata, spesielt gjennom at det er ulik registreringspraksis i de enkelte helseføretaka. I samband med implementering av nytt datavarehus vil det være nødvendig å etablere samt kvalitetssikre ein lik praksis knytt til registrering av data samt sikre lik bruk av definisjonar.

Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr. 30. april -05 til orientering.

II. Økonomi Resultat

Månad: AKKUMULERT APRIL 2005

	Helse stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF		Apotekene Vest HF		Helse Vest RHF		Helse Vest ADM.		Interne trans.		Konsern	
	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett
Poliklinikk (inkl. elgenbetaling)	87759	-2613	37974	-1703	144956	-324	31061	529	0	0	183233	183233	0	0	-265234	-190734	219749	-11612
ISF (DRG-inntekter)	332889	-16265	176958	-6600	514015	-16007	135638	-7678	0	0	1312557	56816	0	0	-1159500	-56816	1312557	-46550
Gjestepasientar	21	4	64	64	1558	259	0	0	0	0	40938	5371	0	0	0	0	42581	5698
Rammetilskot	513505	3591	311727	-204	924261	1739	267484	341	0	0	2516685	-19050	0	0	-2016977	-5467	2516685	-19050
Andre inntekter	30045	2161	16798	897	68143	4482	16475	-1884	150199	6378	0	-1204	0	0	82000	7500	363660	18330
SUM DRIFTSINNTEKTER	964219	-13122	543521	-7546	1652933	-9851	450659	-8691	150199	6378	4053413	225166	0	0	-3359712	-245517	4455232	-53184
Varekostnad	117086	5467	55799	2074	267895	4167	67627	-280	120802	7551	3958716	235193	135	135	-3359712	-245517	1228348	8790
Personalkostnad	710395	9641	387967	4026	1141972	-13570	314836	14448	24166	-1262	221	128	6981	-2426	0	0	2586538	10985
Andre driftskostnader	206582	791	133590	2239	359596	5216	116081	1745	7751	-112	71906	-11028	6653	-6478	0	0	902159	-7627
SUM KOSTNADER	1034063	15899	577356	8339	1769463	-4187	498543	15914	152719	6177	4030843	224293	13769	-8769	-3359712	-245517	4717045	12149
DRIFTSRESULTAT	-69844	-29021	-33835	-15885	-116530	-5664	-47885	-24605	-2520	201	22570	873	-13769	8769	0	0	-261813	-65332
NETTO FINANSRESULTAT	-1234	-34	-276	-76	-3728	-727	-547	286	189	106	0	0	1209	1209	0	0	-4387	764
EKSTRAORDINÆRE POSTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
RESULTAT	-71078	-29055	-34111	-15961	-120258	-6391	-48431	-24319	-2331	307	22570	873	-12560	9978	0	0	-266199	-64568
Meiravskriving	24667		24667		68466		22667										140466	0
RESULTAT	-46411	-29055	-9444	-15961	-51792	-6391	-25764	-24319	-2331	307	22570	873	-12560	9978	0	0	-125733	-64568